

Unge tysnesingar står framfor eit viktig vegval når dei skal velja utdanning vidare etter ungdomsskulen

LEIAR SIDE 4



- Ein må følgja magekjensla



GLAD I MENNESKE: Ida Kristine Kleppe (23) har vore innom tre ulike yrkesretningar. No er ho i praksis på omsorgssenteret, noko bebruar Borghild Hordvik Mevatne får nyta godt av. (Foto: Ella Sandra Dahl Berland)

SIDE 6



Glad i ansvar

Renathe Hagen Lunde (24) er ny lokalitetsansvarleg på Lindarholmen. UNGDOM & UTDANNING: SIDE 11-12-13



Har draumejobben på verdshav

Frank Kleppe visste tidleg at han skulle velja sjømannslivet. UNGDOM & UTDANNING: SIDE 22-23



Sjur veit kva han vil bli

Seksåringen frå Lunde skal bli trommis og jobba med fisk.

SISTASIO

24 år og lokalitetsansvarleg



ung
&
utd.

UNG LEIAR: Det er Renathe Hagen Lunde som har ansvar for laksen på Lindarholmen-anlegget. (Foto: Camilla Korsnes)

- Eg hadde aldri trudd eg skulle enda opp her, seier Renathe Hagen Lunde (24).

I november byrja ho i ny stilling på Tysnes Fjordbruk sin lokalitet Lindarholmen, som har landbase på Malmøen.

«Tysnes» treffer ho for å finna ut meir om kvifor ei ung jente som ikkje er spesielt glad i fisk, har takka ja til ei leiarstilling i oppdrettsnæringa.

- Eg er her endå

Då Renathe søkte seg inn på TAF (tekniske og allmenne fag), sende rådgjevaren på skulen henne på dagsbesøk til oppdrettsanlegget Onarøy for å få eit innblikk i kva ho hadde søkt på.

– Eg grein nesten då eg kom heim att til mamma, fordi eg hadde søkt på desse greiene her, ler ho.

– Me tok fargeprøver, og delte fisken i tre. Det var mykje blod, og eg takla ikkje slikt. Så eg var heilt dårlig, og skulle aldri jobba med dette her. Men eg er no her endå, ni år seinare, smiler ho.

Angrar ikkje

Renathe byrja likevel på TAF-linja i Fusø i 2011, og hadde heile læretida i Alsaker-konsernet.

– I 1. klasse gjekk me naturbruk, og i 2. klasse skulle me ha meir om lakseoppdrett. Eg kvide meg, og brydde meg ikkje om lakseoppdrett, medan dei andre gledde seg til å læra om det me hadde søkt på. Eg vurderte å skifta fag, men så fortsette eg, fortel ho.

- Kvifor fortsette du?

– Eg hadde jo starta, så eg kunne like godt fortsetja. Og eg angrar ikkje på det no. På ingen måte, seier ho.

– Eg har ein fast jobb som eg likar, og eg har vore innom mykje spanande. Men eg hadde aldri trudd eg skulle enda opp her.

Likar ansvar

I juni 2018 starta ho i Tysnes Fjordbruk, før ho gjekk inn i

morspermisjon i november 2018.

– Eg tok eitt års permisjon, og så søkte eg meg inn her, fortel ho.

- Kvifor lokalitetsleiar?

– Eg er glad i å ha ansvar.

– Kor stort ansvar har du?

– Eg har ansvaret for fisken. Skjer det noko, er det eg som får kjeften. Men eg jobbar alltid i lag med nokon, så sjølv om eg har ansvaret, er eg ikkje åleine. Elles er det ein del papirarbeid, då.

Likar ikkje å sitja i ro

Når me spør kva som er det kjekkaste med jobben, svarar Renathe at ho likar å få vera ute og jobba.

– Er det ikkje litt kaldt å jobba ute året rundt?

– Nei, seier ho, utan å nøla.

– Det har vel med at ein likar det. Det er sjølv sagt ikkje gøy å stå ute i piskande regn og vind som blæs sidevegs, men når du kjem heim og er tørr fordi du har hatt på deg nok klede, så går det jo fint likevel.

– Kva er den største utfordringa?

– Eg veit ikkje om det er så mange utfordringar. Eg kosar meg på jobb. Eg har ein variert kvardag, i ein sikker jobb, nær heimen. Men eg er ikkje så glad i å sitja og fôra. Det er eg glad i å rullera på, for å seia det sånn.

Noko for deg?

Renathe vil gjerne tilrå fleire til å våga å sjå i same retning som ho sjølv, så lenge ein likar å ta i et tak og kan jobba i all slags vær.

– Mange tenkjer kanskje «fisk, æsj, nei». Men når ein er kledd i arbeidstøy spelar det ikkje nokon rolle at fisk er «æsj». Men når eg er med pappa ut og fiskar på fritida, då skal eg ikkje ta i fisken.

ELLA SANDRA DAHL BERLAND
ella@tysnesbladet.no

ung & utd.




VEDLIKEHALD AV KRANE: Arbeidskvarldagen til Renathe består av langt meir enn å «berre» passa på laksen.



SJØVAND: Båtkøyring er ein sentral del av jobben som røktar.



LIKAR ANSVAR: Renathe Hagen Lunde har allereie jobba mange år i Alsaker-konsernet, og er no blitt lokalitetsansvarleg på Lindarholmen. (Alle foto: Camilla Korsnes)



FÔR: Litt handføring kan vera greitt for å sjekka fisken sin appetitt.



PÅ RETT PLESS: Jenta frå Lunde er glad ho enda opp i oppdrettsbransjen, sjølv om ho eigentleg hadde tenkt til å bli lærar.



LANDBASE PÅ MALKENES: «Jolnir» fungerer som arbeidsflåte for dei som jobbar på Lindarholmen-anlegget. Dei har også ein liten og meir hendig båt til disposisjon.

Fusa vidaregåande skule – verdt å stå tidleg opp for

ung & utd.



VIL JOBBA MED MENNESKE: Inne på spesialrommet til helse- og oppvekstklassen, finn me trekløveret Jannike Berge Espevik (t.v.), Elisabeth Helgesen og Trine Mari Gundersen.

Fleire er der i sitt første vidaregåande skuleår. Andre ser snart enden på eit fireårig TAF-løp. Kjetil Totland har pendla dit sidan 2004. Tolv mil om dagen i matematikkens si teneste.

Tysnes er som vanleg godt representert på Fusa vgs. Ein skal likevel vera rimeleg lokalpatriot om ein med stor innleving prøver å fortelja omverda at Eikelandsosen er ein stad der det skjer mykle spennande, både seit og tidleg.

Like fullt har den vidaregåande skulen inst i ein fjordarm vist seg å ha livets rett. Med nye bestenoteringar kva gjeld elevtal dei to siste åra. Nett no er det 310 elevar frå fjern og nær som har funne ei

studieretting som forhåpentleg engasjerer og utviklar dei til betre utgåver av seg sjølve.

Nummer tre

Inne på spesialrommet til helse- og oppvekstklassen, finn me trekløveret Jannike Berge Espevik, Trine Mari Gundersen og Elisabeth Helgesen. Sistnemnde er plassert i ei av sjukesengene som står bak i rommet, medan dei to andre sjekkar både blodtrykk og puls. Denne gongen mest for fotografen si skuld. Men alle tre er vel vitande om at det dei får med seg av kunnskap frå timane dette første skuleåret, vil vera god bagasje å ha med på vegen vidare.

– Me søkte oss til Fusa fordi skulen har svært godt rykte. Eg har til alt overmål to søsken som har gått her. På same lina som eg går no. Både May Helen og Anja er også fulle av lovord,



NY LÆRDOM: Går du helse- og oppvekstfag, vert du tidleg kjent med blodtrykksmålnaren.

smiler 16 år unge Espevik, og fører vidare ein stolt familietradisjon.

Likar barnehage

Elisabeth har lenge visst at ho


nehage som eit sjukehus, seier 16-åringen som var utplassert ei veke i Onarheim barnehage, då ho gjekk på Tysnes skule.

– Eg likte det veldig godt. Før jul var eg utplassert i fire veker i ein lokal barnehage her i Fusa, og no er me på veg ut i ein ny praksis. Denne gongen til Lunde barnehage, røpar ho. Dei fire neste vekene er dei ute i arbeid måndag, tysdag og onsdag, medan det er attende på skulen kvar torsdag og fredag.

Gjerne Nord-Noreg

Heile helse-trioen frå Tysnes har valt å bu på hybel i nye Bjørnafjorden kommune. I kort avstand frå skulen.

– Det er heilt topp. Me sparar mange timer med reis kvar einaste dag. Eg tykkjer også det er herleg å koma vekk frå Tysnes. Kor vegen går vidare er ikkje godt å seia, men eg



FANN RETTE LINJA: – Eg var så skulelei i 10. klasse at eg knapt har ord. No får eg halda på med praktisk arbeid både på skulen, og ikkje minst når me er utplasserte. Det vert ikkje mykje betre enn dette, seier Christina Malkenes Korsnes.



SNART LÆRLING: Martin Matre fra Hodnanes gjorde ferdig naturbruk i fjor, og er komen langt på vg2 akvakultur. Går alt etter planen endar han opp med lærlingkontrakt hjå Alsaker frå hausten av. Søknaden er iallfall sendt inn.



TAF-ELEV: – At eg til slutt kan bu heime og ha ein kjekk og god jobb, er kanskje den viktigaste drivkrafta bak dei utdaningsvala eg gjer, seier Knut Jørgen Nesland. Som har planar om å ta ei nautikk-utdanning etter at han er ferdig på TAF marin.

er på ingen måte framand for Nord-Noreg. Til lenger vekk, til betre for meg, seier Gundersen. Enn så lenge storkosar ho seg på Fusa vgs.

– Ein fantastisk skule, i eit strålende miljø. Lærarane er kjempeflinke. Dei ser alle, og er gode på å laga individuelt tilpassa undervisingsopplegg, skryter jentene.

Musikk og bil

Jannike har heller ikkje store problem med å fylla fritida si.

– Eg er veldig glad i musikk, og spelar piano, gitar og toradar. I tillegg har eg fått meg type, og han er svært bilinteressert. Så no er eg rett som det er med og skrur litt på bil også, smiler den aktive helsefagstudenten.

Elisabeth brukar også ein del tid på musikk. Ho er med både i skulemusikken og musikklaget heime på Tysnes. Seinast fredag var ho og resten av vaksenkorpsset på NM i Grieghallen.

– Litt pendling til øvingar har det vore, men det er berre kjekt.

Ein ny kvardag

I etasjen under har skulen eit lite «mini-settefiskanlegg» for alle elevane som går ulike utdanninger innanfor fiskeri- og akvakultur.

– Eg har fått ein heilt ny skulekveldag, strålar Christina Malkenes Korsnes.

Ho tek bussen frå Malkenes klokka 06.10, og er ikkje attende før 15.30.

– Det er sjølv sagt alltid litt kamp å koma seg ut av senga når klokka ringer. Men det har gått fint så langt. For meg har det vore fantastisk å få starta på naturbruk-lina på Fusa vgs. Eg var så skulelei i 10. klasse at eg knapt har ord. No får eg halda på med praktisk arbeid både på skulen, og ikkje minst når me er utplasserte. Det vert ikkje mykje betre enn dette. Og lekser har me nesten ikkje i det heile. På Tysnes skule var det tidvis ikkje ende på alt heimarbeitet, seier 16-åringen.

Ligg frampå

– Det siste er eg heilt samd i, seier Martin Matre.

Han gjorde ferdig naturbruk i fjor, og er komen langt på vg2 akvakultur. Går alt etter planen endar han opp med lærlingkontrakt hjå Alsaker frå hausten av. Søknaden er iallfall sendt inn.

– Eg hadde arbeidsveke der då eg gjekk på ungdomsskulen, og har hatt både utplasseringar og sommarjobb etterpå. Sist var eg på Skorpo. No er me på veg ut i ny utplassering. Denne gongen vert det Onarheim eller Flatråker, fortel 17-åringen frå Hodnanes.

Til skilnad frå Christina bur han på hybel.

– Eg bur rett i nabolaget. Skulen startar 07.40, og eg ventar så lenge som råd med å stå opp, røpar han med eit litte smil.

Nye utplasseringar

Både Martin og Christina nyttar seg av tilbodet om å koma til Fusa vgs for å hospitera, medan dei framleis var ungdomsskulelevar.

– Me fekk omvising på skulen, og sjanse til prøva ut naturbruk-lina. Det var ein veldig nyttig dag, og sterkt medverkande til at me enda opp her etter fullført ungdomsskule.

Christina er i lesande stund godt i gang med utplassering nummer to det første skuleåret i Fusa. Denne gongen på Lerøy sitt settefiskanlegg i Skjepavikjo, heime på Tysnes.

– Der startar eg ikkje før klokka er åtte om morgonen. Det blir jo reine ferien, smiler jenta som håpar på ei framtid i oppdrettsnæringa.

Krev sin mann

Knut Jørgen Nesland er 18 år, frå Lunde. Han går tredje året på TAF marin-lina. Kanskje den mest populære av alle utdanningsløpa som skulen i Fusa tilbyr. Men også ein ekstremt krevjande variant. Premien for hardt og målretta arbeid, er at ein etter fire år endar opp med både fagbrev og generell studiekompetanse.

– Ikkje til å leggja skjul på det innimellom er litt stridt. Det er nokre tunge realfag som skal på plass, forklarar ein som likevel ikkje har tenkt å pensjonera seg som student, etter åra på Fusa vgs.

Varierte oppgåver

– Eg har lyst å gå vidare med nautikk. Det som tidlegare heitte styrmannsskulen. Då snakkar me i så fall tre nye år på skule, før eg kan starta å løysa sertifikat, røpar Knut Jørgen, som alt har ein god fot innanfor hjå Lerøy Seafood Group.

Det er tre år sidan han starta som vikar og seinare lærling hos det gigantiske sjømatselskapet, på oppdrettsanlegga Midtflua og Djupestallen. Dei siste månadane har det ikkje vore fisk på



ELSKAR MATTE: – Den viktigaste jobben for meg er å ufarleggjera matematikkfaget. Eg seier alltid at matte ikke er så vanskeleg som ein fryktar. For det er jo frykta som er stor, forklarar Kjetil Totland. Som pendlar frå Gjersvik til Eikelandsosen. 120 kilometer kvar dag. På det sekstande året.

desse lokalitetane, og då har han i staden vore innom ei rekje andre Lerøy-anlegg.

– Først var eg to månader i Samnanger saman med postsmolt og reinsefisk. Sidan var eg ein månad både på Fitjar og Os. Eit smoltanlegg første staden, og på eit tilvekstsenter til slutt. Spennande å koma rundt i systemet, læra meir om prosessane, og ikkje minst møta fleire folk i den store Lerøy-familien, skryter Knut Jørgen.

Vil gjerne heim att

Han har også budd på hybel desse åra i Eikelandsosen.

– Eg vurderte å pendla, etter at eg tok lappen og fekk meg bil. Men det er jo ikkje heilt gratis med diesel og forsikring heller, seier Nesland. På sikt håpar han å kunna bu heime på Tysnes.

– Det er kanskje ei av dei viktigaste drivkraftene bak dei utdaningsvala eg gjer. At eg til slutt kan bu heime, og ha ein kjekk og god jobb, med utgangspunkt i nærmiljøet mitt. Noko eg har god tru på at eg skal få til, smiler den omgjengelege 18-åringen.

Glad blir han også når puderalarmen går på Voss eller i Myrkdal.

– Å køyra ned fjellsidene på nysnø, er kanskje det aller

kjekkaste eg veit. Då koplar eg heilt ut, og får samstundes god energi til den litt travle kvardagkskombinasjonen skule og arbeid.

Pendlar med glede

Det spørst om det er nokon som har køyrt fleire kilometer for å koma seg til og frå den vidaregåande skulen i Eikelandsosen, enn matematikkklæraren Kjetil Totland. Han pendlar nemleg på det sekstande året frå Gjersvik. Ei strekning på 120 kilometer om dagen. 600 kilometer i veka. Kring 2.500 kilometer på ein månad. Tek ein vekk eit par månader sommarferie, og litt ekstra fri kring dei store høgtidene, hamnar ein likevel godt over 22.000 kilometer i året. I 16 år. Då er du glad i jobben din.

Glede i matematikken

– Det er eg verkeleg. Då eg starta på skulen attende i 2004, var eg elektrolærar. Har også undervist ein del tekniske fag på mekanisk tidlegare. Men med åra har eg vorte meir og meir glad i matematikk, og har teke 90 studiepoeng i matte på det som fram til nyleg heitte Høgskulen i Telemark. Det har vorte nokre turar på samlinger i Notodden, men den aller største innsatsen har



LOKKAR GJERNE FLEIRE: – Velkommen til Fusa vgs. Me har ein del spennande studitor Håvard Ragnhildstveit og mattelærar Kjetil Totland.

eg nok lagt ned i kveldar, helgar og diverse feriar heime på Tysnes, røpar Totland.

Med åra har han vorte ein rein mattelærar.

Frykta er verst

Matematikk er ofte anten eller. Noko du likar veldig godt. Eller det verste som er å finna på timeplanen.

– Den viktigaste jobben for meg er å ufarleggjera matematikkfaget. Eg seier alltid at matte ikke er så vanskeleg som ein fryktar. For det er jo

frykta som er stor. Mi oppleving gjennom alle desse åra, er at dei fleste endar opp med å tenkja at «dette var jo ikkje så ille. Eg fekk jo til og med betre karakter enn på ungdomssku-

TAF-modellen på fire studieretningar

Fusa vgs har god fartstid med det fireårige TAF-løpet innan helse, marin og mekaniske fag. Nytt er det at dei også har eit liknande tilbod innan restaurant- og matfaget. TAF er som kjent ei utdanning som sikrar deg både fagbrev og generell studiekompetanse. Eit solid springbrett til høgare utdanning.

I tillegg har dei vg1 helse- og oppvekstfag (HO), der ein kan halda fram på vg2 barne- og ungdomsarbeidar, eller på helsefagarbeidar.

Vg1 naturbruk er eit anna populært tilbod, som dei fleste byggjer

vidare med vg2 akvakultur. Der fagbrev er det naturlege målet litt lenger fram i løypa.

Fagbrev er stort sett målet også for dei som tek vg1 restaurant- og matfag, og vg2 kokk- og servitørfag.

Vg1 teknikk og industriell produksjon (TIP) er ei anna populær line, der vg2 produksjon og industriell teknikk (PIT) er den naturlege oppfølgjaren, før ein startar på eit fagbrev-løp.

Fusa vgs har også tilbod for tilrettelagte grupper, samt vaksenopplæring.

På lag med næringslivet

Med ujamne mellomrom held lærarstaben på Fusa vgs vaksenopplæringskurs. Nett no er dei i gang med eit eksamsførebuande opplegg mynta på folk som jobbar i oppdrettsnæringa, men som ikkje har fagbrev.

– Ved å gjennomføra kurset vårt på over 160 timer, vil dei forhåpentleg ha lært det dei treng om akvakultur, fiskeribiologi og regelverk. Kurset vil ha ein avsluttande 5-timars teoretisk eksamen, 23. november 2020. Når dei i tillegg har fått godskrive 60 månaders fartstid, kan dei gå opp til den praktiske fagbrev-prøven, fortel Tor Johannes

Hjertnes, tidlegare rektor, no avdelingsleiar for yrkesfag på Fusa vgs.

– Det er viktig for oss å møta lokalmiljøet sin trond for etterutdanning og heving av fagkompetanse. I ein hektisk arbeidskvardag er det ikkje alltid noko alternativ å reisa heilt til Bergen. I tillegg er det veldig kjekt for lærarane våre å ha slike elevar på skulen.

Vaksenopplæringskursa har tradisjonelt vore særskilt viktige innan helsefag. Med akvakultur på ein god andrelass.

Denne gongen er det ingen frå Tysnes som har meldt seg på kurset.



Teretningar på programmet, eit veldig godt miljø og mange kjekke elevar, reklamerer rek-

len». Ikkje noko kan måla seg med opplevinga av framgang og sukses. Både for elevane og læraren, smiler ein som er nyvalt leiar i det ferske teaterlaget på Tysnes.

Og som også driv ein liten rammeverkstad heime i kjellaren. Utan noko form for aggressiv marknadsføring.

– Men du har aldri tenkt på å skifte jobb? Få litt kortare arbeidsveg?

– Eg burde sikkert, men svaret er vel tilnærma nei. Frå dag éin har Fusa vgs vore ein fantastisk arbeidsgjevar. Med dei beste kollegaene eg kan ønskja meg, skryter Kjetil Totland.

VIDAR ALFARNES
redaksjonen@tysnesbladet.no



Redningsmannskapene kom akkurat i tide etter at Bjørn kantret med kajakkken og ble liggende i det iskalde vannet i to timer. Uten **DEG** kunne Ronja og de fire søsknene ha mistet pappan sin!

Gi et bidrag i dag.
Les mer på www.rs.no

RS
Redningsselskapet

Bli lærling

i Tysnes kommune

Frå hausten av har Tysnes kommune ledige lærlingplassar både i helsefagarbeid og for dei som ønskjer å ta fagbrev som barne- og ungdomsarbeidar.

Me vurderer og å utvida læringlingeordninga til fleire fagområde, og er open for samtalar dersom det er ungdomar som ønskjer lærlingplass innan andre fagretningar.

Tysnes treng **DEG!**



Kontakt oss for meir info
www.tysnes.kommune.no



– Me har prøvd å marknadsføra oss inn mot nye marknadar

Vågen AS går få fem til seks tilsette, og håpar utviklinga vil fortsetja i åra som kjem.



– Det er kjekt å vera med på å skapa arbeidsplassar på Tysnes, fortel Børge Pedersen.

Han er dagleg leiar i Vågen AS. Det er ikkje den største bedrifta på Tysnes, men ei bedrift i vekst, som no aukar frå fem til seks faste tilsette.

– Me har nettopp gitt eit tilbod til ein av søkerane, fortel Pedersen.

Brei marknad

– Kva driv Vågen AS med?

– Me er ein maskinleverandør, som konstruerer og leverer spesialdesigna maskinar tilpassa kunden sitt behov, oppsummerer Pedersen kort.

Han fortel at dei har eit breitt spekter av kundar, innanfor fleire ulike bransjar.

– Det er alt frå smelteverket inne i Odda til store bedriftar i prosessindustrien som Dupont og Norcem, og reine næringsmiddelbedrifter som Orkla, fortel Pedersen.

– Men den aller største marknaden no er knytt til næringsmiddel og fiskeri, forklarar han vidare.

Gler seg over vekst

Tidlegare har Vågen i størst grad levert produkt til olje- og gassnæringa.

– Me har vore veldig avhengige av olje- og gassbransjen. Tidlegare har me hatt både 70 og 80 prosent av omsetnaden vår innanfor olje og gass. No er det nede i 10 prosent, og då har det òg vore ein auke i olje og gass dei siste åra, fortel Pedersen.

I 2015 kom oljekrisa, og dei måtte tenka nytt.

– Me har prøvd å marknadsføra oss inn mot nye marknadar,



POSITIV: Dagleg leiar i Vågen AS, Børge Pedersen, ser positivt på framtida til Tysnes-bedrifta.

spesielt inn mot næringsmiddelinndustriien, inkludert oppdrettsnæringa. Og det har vore suksessfullt, seier Pedersen.

Det er slik han forklarar den veksten Vågen no opplever.

– Etter oljenedturen i 2015 har me hatt ein jamn auke på prosjekt og omsetnad. Me har sagt at me skal prøva å veksa jamt, og utnytta dei marknadanane me har. Førebelts har me klart det, seier han.

Ny tilsettning

Veksten gjer at dei no kan utvida staben i Vågsmarka.

– I 2015 var me nede i tre tilsette, og i dag er me fem stykk. No tilset me ein ny på vårvarten, så då blir me seks tilsette.

– *Ser du for deg at den utviklinga kan fortsetja?*

– Ja, viss me fortset slik så

ser eg for meg at me kan tilsetja ein ny person kanskje anna kvart år. Målsettinga vår er ti prosent vekst kvart år, og når det då blir 20 prosent på to år, så må me ha ein ny person for å handtera den auka omsetnaden, svarar han.

Han fortel at dei har hatt fleire kvalifiserte søkerar, og at ein person har fått tilbod om jobb.

Sjølv om Vågen er ei ganske unik bedrift på Tysnes, fortel Pedersen at mekanisk industri er ei stor næring i regionen.

– Sunnhordlandsregionen har mange stor bedrifter innanfor mekanisk industri, fortel han, og trekker fram Leirvik og Kværner som eksempel.

Han trur det kan vera med på å gjera det enklare å få kvalifiserte folk til eiga bedrift.

– Det er ein sterk region, og

då får ein lettare tilgang på kvalifisert personell. Det er ein fordel å vera i ei klynge. Det er eit veldig godt teikn at me har hatt fleire gode søkerar til stillinga vår, seier Pedersen.

Kombinert utdanning

At Vågen AS er i vekst, kan skapa fleire arbeidsplassar i Vågsmarka i åra som kjem. Pedersen er klar på kva slags type kompetanse dei vil vera interesserte i.

– Det me rangerer høgast er ei blanding av ei praktisk og teoretisk utdanning. For oss er det for eksempel perfekt med ei TAF-utdanning på vidaregåande, med fagbrev som industrimekanikar, platearbeidar eller sveisar, og at ein så fortset på teknisk fagskule eller tar ei ingeniørutdanning, for

eksempel innan maskinkonstruksjon.

Han forklarar kvifor det er viktig for dei å ha folk med ein praktisk bakgrunn.

– Me er ute hos kunden og skal montera og køyra i gang ting, og då er det ein fordel å vera litt praktisk og kunna faga. Me skal og følgja opp produksjonen hos underleverandørar, og for å stilla dei riktige spørsmåla og kvalitetssikra arbeidet, må me ha litt fagkunnskapar, fortel han.

– Eit fagbrev og teknisk utdanning er midt i smøraket for vår del, avsluttar han.

ØYVIND BJERKESTRAND
oyvind@tysnesbladet.no



Fusa vgs.
Vestland fylkeskommune

YRKESFAGLEG

- Helse- og oppvekstfag
- Naturbruk og akvakultur
- Restaurant og matfag
- Teknikk og industriell produksjon


STUDIEFØREBUANDE

- Kunst, design og arkitektur

TAF (fagbrev + studiekomp.)

- TAF-HELSE
- TAF-MARIN
- TAF-RM (kokk/servitør)
- TAF-TIP (mekanisk)





IVEKST: Sals- og marknadssjef i Baker Hughes Stord, Sigmund Hovland, fortel at det er gode tider og at dei er på utkikk etter nye tilsette og lærlingar. (Foto: Svein Olav B. Langåker, Framtida.no)

– Det er gode tider

Advantec skiftar namn til Baker Hughes Stord, opplever vekst og søker etter nye folk.

– Me har ledige lærlingestillingar, og me treng ferdig utdanna folk, fortel Sigmund Hovland.

Tysnesingen er sals- og marknadssjef for Advantec på Stord, som no skiftar namn til Baker Hughes Stord.

– Me kjem til å marknadsføra oss som Baker Hughes Stord, men Advantec vil framleis vera det juridiske namnet vårt, fortalar Hovland.

Utvikling

Ifølgje sals- og marknadssjefen er det gode tider i selskapet, og han fortel gjerne om utviklinga dei har hatt frå å vera ei lita lokal bedrift.

– Selskapet starta opp i 2005, med utspring i Aker Elektro. Dei skulle rydda i organisasjonen, og Advantec var ei av fleire avdelingar som blei skilde ut, fortalar Hovland.

Advantec starta opp med kring 15 til 17 tilsette, og har sidan den gongen vakse seg store.

– I 2015 blei me kjøpt opp av GE Oil & Gas, og i 2017 blei dei fusjonert med Baker Hughes, fortel Hovland.

Hausten 2019 blei Baker Hughes etablert som eit eige sjølvstendig selskap, utan GE Oil & Gas som majoritetseigar, og namneskiftet blei bestemt.

Har vakse seg store

Fra dei 15-17 tilsette i 2005

har selskapet vakse seg stort. I dag har dei kring 130 tilsette, og er no ute etter fleire folk.

– 2016 og 2017 var litt labre år, men så har dei to siste åra vore dei beste nokosinne. Det er gode tider, fortel Hovland.

Han forklarar at mykje har skjedd etter at dei blei kjøpt opp i 2015.

– Det var eit stort internasjonalt selskap som trøng teknologien vår. For vår del fekk me tilgang til ein større internasjonal marknad, så det var bra for oss, seier han.

– Det var eit stort internasjonalt selskap som trøng teknologien vår. For vår del fekk me tilgang til ein større internasjonal marknad, så det var bra for oss, seier han.

For nokre år sidan var det krise i oljebransjen, men den har no snudd.

– I 2018 var marknaden tilbake, så no er det travle tider. Me er omtrent utselde for året som kjem, og me manglar folk, seier han.

Dei ser gjerne til Sunnhordlandsregionen og til Tysnes når dei skal rekruttera.

– Me prøver å rekruttera i nærområdet, og me har eit godt forhold til Tysnes. Det er fleire som pendlar frå Tysnes, seier Hovland.

Dei har også lærlingar frå Tysnes.

– Me plar å ta inn fire-fem lærlingar kvart år, og i dag har me to lærlingar frå Tysnes, fortel han.

Viktig med god arbeidsplass

Hovland fortel at dei er opptekne av å skapa ein god arbeidsplass der dei tilsette trivst.

– Det skal vera ein trygg og god arbeidsplass. Me har gode fasilitetar med nytt oppvarma verkstadsbygg og nye kontorlokale.

Han fortel at dei også er opptekne av tryggleiken på arbeidsplassen.

– Me har eit veldig stort fokus på HMS, det er alltid fyrsteprioritet.

Hovland har tru på at ein god arbeidsplass er med på å skapa suksess i bedrifta.

– Det er veldig viktig at folk har det kjekt på jobb. Ein blir meir effektiv når ein har det godt, avsluttar han.

ØYVIND BJERKESTRAND
oyvind@tysnesbladet.no



MARITIMT
OPPLÆRINGSKONTOR

**DRA TIL
VI HAR LÆREPLASSER!
SJØS**

Du kan bli lærling til sjøs hvis du velger:

- Vg1 TIP eller Vg1 Elektro og videre
 - Vg2 Maritime fag
- Vg1 Elektro og videre
 - Vg2 Elenergi og Vg3 Maritim elektriker
- Vg1 Restaurant- og matfag og videre
 - Vg2 Kokk- og servitørfag

Vi tegner lærekontrakt i fagene:

- Matros
- Motormann
- Skipselektriker
- Institusjonskokk

For mer info: www.maropp.no



MAROPP.NO

Maritimt Opplæringskontor Sør/Vest Norge
Smedasundet 97B, 5525 Haugesund
Tlf.: 52 70 89 20

Følg oss på:
[Facebook](#) @maropp
[Instagram](#) @maropphaugesund